

FORSKRIFT OM FARTSGRENSE I SJØ I FLÅM, AURLAND KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE, SJØKART  
NR. 124

Forskrift fastsett av kommunestyre (xx.xx.xxxx) med heimel i forskrift av 15. desember 2009 nr. 1546 om fartsavgrensing i sjø, elv og innsjø § 4 første ledd, gitt med heimel i lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn § 13. Forskrifta er godkjent (xx.xx.xxxx) av Kystverkets hovudkontor i medhald av forskrift § 4

første ledd.

§ 1 (fartsgrense)

5 knop er høgste tillate fart i følgende farvatn:

- a) Indre del av Aurlandsfjorden. Sørleg del av linje satt mellom punkt:  
**N: 60° 52.181' Ø: 7° 07.446'** og **N: 60° 52.235' Ø: 7° 08.502'**

§ 2 (unnatak)

Forskrifta gjeld ikkje for

- a) Forsvarets, politiets, tollvesenets, og brannvesenet sine fartøy, samt hamnevesenet sine fartøy, losfartøy og ambulanséfartøy,  
b) fartøy med lege om bord,  
c) fartøy i sjøredningsteneste,

Der overskriding av fartsgrensa er nødvendig for å få utført utrykking eller oppdraget.

Fartøy som nemnt i fyste ledd, skal om mogleg vise varsellys eller på anna måte varsle om utrykkinga eller oppdraget.

§ 3 (dispensasjon)

Kommunestyret kan gje dispensasjon frå denne forskrifta. Dispensasjon kan berre skje etter grunna søknad. Dispensasjon skal vidare berre skje i særlege tilfelle og det skal leggast vekt på at det ikkje ved bølgeslag eller på anna måte oppstår skade eller fare for skade på personar, her under badande, andre fartøy, farvatnets strandlinjer, kaier, akvakulturanlegg eller omgjevnaden elles.

Dispensasjonen skal gjerast tidsavgrensa.

Kommunestyret kan delegere myndigheit etter første ledd til hamnestyret.

Innvilga eller avslag på søknad om dispensasjon kan klagast på. Kystverkets hovudkontor er klageinstans for vedtaket fatta av kommunestyret eller hamnestyret.

§ 4 (straffeansvar)

Brot på forskrifta, her under enkeltvedtak gitt i medhald av den, straffes med bøter etter lov 17. april 2009 nr. 19 om hamner og farvatn § 62 for så vidt brot ikkje vert råka av strengare straffereglar.

§ 5 (ikrafttreding)

Forskrifta trer i kraft (xx.xx.xxxx).